

---

**Fra:** hbrigt@online.no  
**Sendt:** torsdag 13. august 2020 18:44  
**Til:** Larissa Dahl  
**Emne:** Sikringsarbeid ved veganlegg  
**Vedlegg:** Vegkommentar 50 Sikringsgjerde m m.docx

Larissa Dahl

Eg viser til telefonsamtale torsdag 13. aug. ca kl 1350.  
Eg vender meg til deg sidan du var saksbehandlar for søknaden frå Inge Østergaard om bygging av tilkomstveg til hans eigedom, gbnr 1/399 på Flatøy.  
Søknaden er for lengst godkjent og vegen bygd (sak nr 20/2863).

Berit Sofie Hoffstad og eg eig saman naboeigedomen, gbnr 1/403 med påståande hytte. Søknad om løyve til å byggja veg til vår hytte ligg til behandling i Alver kommune (søknad ved Ing Aarland AS). Dette skrivet gjeld *ikkje* vår søknad.

Derimot gjeld det sikringsarbeid ved den vegen som no er bygd opp til Inge Østergaard si hytte, gbnr 1/399.

Ein mindre del av den nye vegen går over vår eigedom (og er godkjend av oss).

Sprengningsarbeid for den nye vegen har medført ein bratt fjellskrent og eit bratt område på vår eigedom,

ovanfor sjølve skrenten. På toppen av denne skrenten – og altså på vår eigedom, gbnr1/403 – ligg det jord og

laus stein.

13. mai i år inviterte Inge Østergaard til synfaring på vegen. Me påpeikte då sikring av dette partiet.

Litt vart tidleg gjort, men etter vår meining langt frå nok. Inge Østergaard oppheldt seg i sumar om lag

5 veker på eigedomen / hytta – berre nokre få gjerdestolpar vart plasserte, ikkje noko gjerde.

Overfor Østergaard har me påpeikt dette i E-post og sendt kopi til medhjelparen hans i denne vegsaka,

Kurt Terje Sjursen i Delta Prosjektering AS. *Kopi av E-post er vedlagt.*

Utført sikringsarbeid er vel ein del av godkjenninga av denne vegen.

Sett frå vår side ville det vera bra om ein representant for Alver kommune såg nærare på det som er nemnt her.

Eg kan i så fall delta på relativt kort varsel.

Med helsing

Henrik Brigtsen (medeigar til gbnr 1/403)

Mobil 916 16 972